

# Styremøte i V.I.L

## Klubbhuset 08.05.2014

Desse møtte: Einar Hoel, Anders Rem, Karianne Vestre Døving, Trond Håvoll, Kristin G. Sandnes, Ellisiv Jarvik, Kjersti S. Magnussen, Torkjell Bjørstad, Kristi Linge Stakkestad.

Saker:

### 1. Orientering frå gruppene

Fotball: Programbladet er ferdig og delt ut. Fotballgruppa har fått pengar frå Tafjord. Bana blir brukt jamt til både trening og kampar.

Trim: Det var godt oppmøte på sykkeltrimmen (157 personar deltok). Trimkorta og postane er klare, men ein har ikkje fått alt på plass grunna ver og føre. Trimkorta gjeld frå 1. juni.

Friidrett: Det har blitt lagt ut datoar for cupane på heimesida til idrettslaget. Norddalsstafetten blir truleg arrangert 12. september. Det har kome forslag om å invitere kretslaget til deltaking på stafetten. Friidrettsgruppa avgjer det sjølv.

Ski: Det er ikkje noko spesielt nytt. Trakkemaskingruppa er i gang med arbeidet sitt.

Styret:

- Marknaden 12. april var rimeleg vellukka. Det var bra oppmøte og det blei ein netto på om lag 50.000 kr.

- Olsokgruppene har hatt møte. Det har blitt bestemt at rulleskistafetten blir kutta ut, og at ein heller satsar på å utvikle meir Jordbærdilten. Det har til dømes vore foreslått ein eigen barnerunde på Jordbærdilten.

- Kunstgras: Det har vore vurdert eit kunstgrasdekke med tett membran. Ein må passe på at grunnarbeidet heng saman med søknaden om spelemidler. Dersom ein går for noko nytt må det takast med i søknaden. Det er ikkje sikkert at det endrar slutt summen.

## **2. Klubbhuset**

- Fliser: Flislegging av golvet i kiosken må fullførast. Trond sjekkar ut meir kring det med fliser.
- Ytterdøra oppover må kome på plass. Døra er lagra på Høvleriet.
- Prosjektor: Anders Rem har fått eit tilbod frå Elkjøp. Det er ein Acer Projector 3500 LM med universaldtakfeste og med motorisert lerret til 7.888 kr. Styret var einige om at ein kjøper denne prosjektoren og at ein må ha eit lydanlegg i tillegg.
- Måling: Klubbhuset må målast i sommar. Det må sjekke ut kvar det er billegast å leige stillas til arbeidet som skal gjerast. Styret håper at målinga kan gjerast på dugnad. Det er mange spreke pensjonistar i bygda som kanskje kan hjelpe til. Einar skal sjå nærmare på det og finne ein dugnadsleiar.
- Nedvask: Det har vore lite aktivitet i vinter på klubbhuset. Derfor avventar vi nedvask inn til vidare. Vaskehjelpa kan heller vaske vindu og ta litt ekstra ifm utleige til konfirmasjon.

## **3. Nettsida**

Nettsida treng å bli omorganisert og endra. Audun Skjervøy har sagt seg villig til å stille opp på dugnad for å hjelpe til med nettsida. Einar avtalar nærmare med Audun Skjervøy.

## **4. Turløyper**

Idrettslaget har teke på seg å lage kart over turstiar og skilting av desse stiane. Det er altså snakk om å lage kart over Valldal med turstiane teikna inn. Ein må finne aktuelle personar som kan gå stiane og rekne ut kor mange skilt som trengst og skiltretningar osv. Idrettslaget sender ut ein mail med nærmare informasjon. Merkinga gjeld nedre del av Valldal. Det er eit større arbeid som vil ta ein del tid å få på plass.

## **5. Eventuelt**

- Det skal opprettast sandvolleybaner på Rådhusmarka. Kommunen har kome med ei positiv innstilling til det. Det skal lagast nye baner og ein skal bruke sand frå den store sandhaugen ved barnehagen. Det er viktig at gjerde kjem på plass kring banene.
- Olsok: Det har kome forslag om å kjøpe inn eit nytt stort telt. Idrettslaget har midlar til det.
- Innkjøp: Det er lett for at mange kjøper inn mykje til klubbhuset (matvarer/pappbeger osv). og at mykje blir kasta. Det er pengar tapt for idrettslaget. Løysninga er at alle må ordne og ta ansvar for sitt, men at ein kan låne av det som finst på huset.